



Røysterett for Alle øver øver kvar torsdag i Helgheim (Arkivfoto).

Alle tre kora i Uskedalen har starta øvingane og planlegginga for hausthalvåret. Kyrkjekoret Nordsaang har alt hatt si fyrste framføring. Det var sist sundag på Misjonsårsmøte for Misjonsselskapet i Sunnhordland i Zoar Bedehus på Halsnøy. Blandakoret Røysterett for Alle med heile 32 medlemmer har hatt to øvingar. Barnekoret Singing Tweens, det som før var Tårnagentkoret, starta sine øvingar onsdag i denne veka.

Dette innlegget handlar mest om Røysterett for Alle og deira haustprogram. Svein Rimestad skriv:

Koret har i haust 32 medlemmer med slik fordeling: Tjuetre kvinner og ni menn.
Me siktar mot tre julekonsertar i eigen regi:

- 1. desember: Husnes kyrkje
- 5. desember: Uskedal kyrkje
- 12. desember: Ølve kyrkje.

Øvrige medverknader som ligg i planen er Haustfest i Helgheim og Julekonsert i Uskedalen.



Kyrkjekoret Nordsaang syng på Misjonsårs møte i Zoar Bedehus.

Også i haust kjem me til å øva inn mykje nytt stoff. Ein heil del av det er nyare songar og arrangement. For å maktå såpass mykje nytt, kjem me til å ha eit helgeseminar mot slutten av september. Helgeseminar er ei flott mengdetrening – mykje inn i hovudet på stutt tid, og det meste vert faktisk sitjande. I tillegg er det triveleg og sosialt – altså dobbelt utbyte.

Me vil oppmoda alle, som kunne tenkja seg å syngja i kor, om ikkje berre å la det bli med tanken. Kom på øving i Helgheim, torsdagar kl. 19.00-21.30. Menn er i ferd med å verta sær s ettertrakta, men nytt blod er sunt uansett. Alle vil verta vel mottekne.

Det vil vera lurt å starta så snart som mogleg slik at me ikkje får for stort forsprang. Dei ulike stemmegruppene kan syta for at dei som treng det, vil få ekstra hjelp til å koma i gang.

Kyrkjekoret Nordsaang øver i Uskedal kyrkje kvar måndag kl. 17.30 - 19.00. Musikalsk leiar er kantor Eva Megyesi.

Barnekoret Singing Tweens (for 4. - 7. klasse) øver kvar onsdag kl. 17.00 - kl. 17.50 i Uskedal Bedehus.

Tekst: Svein Rimestad/Kristian Bringedal

Foto: Røysterrett for Alle/ Kristian Bringedal/ Nelly Kjærland

Nett: Kristian Bringedal



SINGING TWEENS

Barnekoret i Uskedalen har namnet Singing Tweens og er for alle i aldersgruppa 4. - 7. klasse.